



03 OKT 2014

Fylkesmannen i Oppland

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar referanse 14/3811 EO OKL/mk
Vår referanse 2014/4342-2 424.1 ASV
Saksbehandler Asbjørn Valla, tlf. 61 26 60 30

Dato 30.09.2014

Høyringsfråsegn - endringar i oreigningslova § 4

Vi viser til departementet sitt høyringsbrev av 24. juni 2014 med utkast til endringar av oreigningslova § 4 som for eit nytt fjerde ledd.

Våre merknader er i hovudsak i samsvar med inndelingar slik det er presentert i departementet sitt høyringsutkast.

1 Hovudinnhaldet

Endringsforslaget inneber at endeleg vedtak om førehandsundersøkingar blir gjort til eit særleg tvangsgrunnlag etter tvangsfullføringslova kap. 13.

2 Gjeldande rett og bakgrunn for framlegget

Etter gjeldande rett må eigar og rettshavar til eigedom som er eller kan tenkt å bli gjenstand for ekspropriasjonsinngrep etter oreigningslova § 1, tola at det blir gjort «*mæling, utstikking og anna etterrøking til bruk for eit påtenkt oreigningsinngrep*» på eigedom.

Grunngjevinga for departementet sitt endringsforslag, er at dersom grunneigar eller rettshavar set seg i mot eit endeleg vedtak om førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4 fyrste ledd fyrste punktum, må eksproprianten få toleplikta fastslått gjennom dom for å kunne få tvangsgjennomført vedtaket etter reglane i tvangsfullføringslova kap. 13. I dette ligg det at ein må tola at det blir gjort undersøkingar på eigedomen i påvente av eit eventuelt ekspropriasjonsinngrep. Som regel skjer det som ledd i vurderinga av om det skal gjerast vedtak om eller gjevast samtykke til ekspropriasjon av den aktuelle eigedomen. Berre den som kan vere ekspropriant for det aktuelle ekspropriasjonsfremålet, kan få løyve til å gjennomføre slike undersøkingar.

Fylkesmannen har gjennom mange år erfart at der grunneigarar eller rettshavarar ikkje kjem til semje med eksproprianten eller rettar seg etter endeleg vedtak, kan det ofte føre til at mange viktige samfunnstiltak blir forsinka og fordyrande. Det tek ofte lang tid å skaffa seg tvangsgrunnlag slik at endeleg vedtak om gjennomføring av førehandsundersøkingar kan gjennomførast. Fylkesmannen har døme på det i samband med OL-gjennomføringa på Lillehammer i 1994 og no omfattande vegutbygging i Oppland. Vi vil også leggje til at det heller ikkje bør vere eit vilkår for å gje løyve til førehandsundersøkingar, at eksproprianten må påvise at det har mykje å seia for han å kome hurtig i

gang. Dette må bero på ei meir skjønsmessig vurdering om det skal gjevast samtykke til førehandsundersøkingar.

Fylkesmannen er einig i departementet si grunngeving og lovforslag som kan gje eksproprianten snøggare fysisk tilgang til eigedomen utan å bli hindra i å kunne gjennomføre førehandsundersøkingane. Slike undersøkingar vil normalt heller ikkje ha særlege konsekvensar for eigedomane. Vi er også einig i at det er liten grunn til å verne grunneigar og rettshavarar som nektar å rette seg etter endeleg vedtak, når det kan fastsetjast skadebot etter lova si § 19 for skade eller ulempe som er valde i samband med undersøkinga.

Fylkesmannen vil også støtte opp under departementet si presisering at det ikkje skal vere fritt fram for ein komande ekspropriant å gjennomføre slike undersøkingar. Ut frå rettstryggleikomsyn har vi merka oss at eit løyve til førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4 fyrste ledd, vil vere eit enkeltvedtak som det kan klagast over. Vi er også tilfreds med at departementet presiserer at tvangsgjennomføring av førehandsundersøkingar ikkje skal skje før klageretten er ute eller klaga er vurdert.

Fylkesmannen har også merka seg nokre språklege endringar i oreigningslova som er tenkt gjennomført. Oreigningslova som er frå 1959, er ikkje skriven ut frå dagens moderne nynorsk. Difor har vi såleis inga innvendingar mot at ordet «*etterrøking*» blir erstatta av «*førehandsundersøkingar*» i oreigningslova §§ 4 og 19, sjølv om det ordet også er «tungt». Vi har heller ingen innvendingar mot at ordet «skadelidaren» i oreigningslova § 19 blir endra til «*skadelidde*» eller til «*skadelidte*» slik at lovspråket blir meir moderne og forståeleg.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Vi kan heller ikkje sjå at lovendringa vil ha nokon negative økonomiske og administrative konsekvensar.

Vi støttar også framlegget om at ikraftsetjinga av endringslova skal ta til å gjelde straks.


Kristin Hille Valla


Vebjørn Knarrum
avdelingsdirektør

Kopi: - Kommunene i Oppland